

Høyringsuttale

Innsendt	29.09.2024 22.00.58
ReferanselD	KINN005-1714971
Innleiing	
Innleiing	
Har du/de fått tilsendt høyringssaken i adressert sending frå kommunen?	
<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Saknr	Namn på høyringssak
Kommuneplanen sin samfunnsdel	

Opplysningar om innsendar	
Innsendar	
Uttalen er	
<input checked="" type="checkbox"/> Personleg	
<input type="checkbox"/> På vegne av føretak / lag / foreining	
Opplysningar om innsendar	
Fødselsdato	
10.11.1989	
Fornavn	Etternavn
Marthe	Standal
Adresse	
Postnr/sted	
Telefon privat	jobb
E-postadresse	

Uttale
Uttale
Uttale til saka
Til Planavdelinga v/Kinn kommune
Eg ønskjer å uttrykke mi bekymring over kommuneplanen sin samfunnsdel og arealstrategi som legg til rette for havvindutbygging og nedbygging av skjergarden i Florø. Eg stiller meg bak krava frå Florø Bulystforeining og Naturvernforbundet i Kinn om å ta vare på vår felles nærnatur.
Tålegrensa for nedbygging av naturen er no nådd. Vi ønskjer ikkje havvindturbinar på 300 meter i

Florø eller sprenging av vår unike skjergard. Dette vil få alvorlege konsekvensar for lokalsamfunnet og miljøet.

I lys av Naturavtalen har vi eit ansvar for å verne meir natur enn vi byggjer ned. Vi skal stanse naturtapet og få meir natur, redusere avtrykket frå produksjon og forbruk, og samstundes nå klimamåla våre. Dette er ei stor omstillingsoppgåve, og slik kommuneplanen sin samfunnsdel og arealstrategi no er lagt opp, er ikkje nærnaturen vår tilstrekkeleg verna. Det gir ikkje rom for ei reell omstilling, men legg til rette for vidare øydelegging, trass i mange fine formuleringar.

For å vere attraktive må vi bevare vår skjønne nærnatur, og satse på mindre arealkrevjande næringer. Over ti prosent av norske kommunar har vedteke mål om arealnøytralitet, og det pågår mange prosessar for å auke kunnskapen om naturen ved å måle naturkvalitetar for å vurdere oppnåinga av arealnøytralitet. Likevel finst det ingen klar definisjon av kva dette faktisk inneber. Det er difor behov for klare retningslinjer for kva arealnøytralitet skal bety.

Eg foreslår følgjande endringar og prinsipp for arealforvaltninga i Kinn/Florø:

1. Kinn kommune må sette mål om reell arealnøytralitet, ikkje berre retningslinjer. Dette vart fjerna frå planen i juni, men må bli tatt inn att.
2. Punktet om havvindindustri må ut av planen. Om éi næring blir nemnt spesifikt, må også andre potensielle næringer inkluderast for å sikre ein rettferdig og balansert plan.
3. Der er ein asymmetri i korleis næringslivet og innbyggjarane blir inkluderte i utviklingsprosessane. Det må leggest til rette for enklare og meir inkluderande prosessar for innbyggjarane. Vi ønskjer å bli høyrde og involverte, men prosessane må forenklast for å sikre reell deltaking.
4. Det vidare kommuneplanarbeidet må innføre krav til energibudsjett og arealeffektivitet, og desse krava må gjelde som rekkefølgekrav i prosessen framover. Det er avgjerande viktig å ha oversikt over kor mykje energi og areal pr. arbeidsplass ulike utbyggjarar budsjetterer med. Dette er viktig fordi det er lokalsamfunnet og kvar enkelt innbyggjar som betalar for dette i form av tap av nærnatur og auka nettleige ved stadig nye kraftlinje- og kabelutbyggingar.
5. Oppheving av kommunedelplanen for Florelandet Nord. Kommunedelplanen for Florelandet Nord er meir enn 10 år gammal, og er difor utdatert i lys av dagens krav og norske forpliktingar under FN's Naturavtale.
6. All vidare byggeaktivitet i Florø bør skje innanfor eksisterande bustad- og næringsområde for å ta vare på våre verdifulle naturområde og verne følgjande område:
Grønenga, Likkje Terøy, Store Terøy, øyane vest for Store Terøy, fjellsida frå flomålet mellom ytre del av Norddalsfjorden og skipsleia (Årebrotet/Seljestokken), Nærøyane, Ånnøy, Søre og Nordre Nekkøy, samt områda frå Nekkøyosen til Gunhildvågen/Flyplassen. Desse områda må setjast av som LNF-område for å sikre at dei forblir urørte.

Vi treng å sette ei klar grense for å verne om nærnaturen vår. Det er avgjerande at vi tek grep no for å sikre at Florø forblir ein levande, attraktiv by for både menneske og natur i framtida.

Med vennleg helsing,

Marthe Standal
Professor Indrebøgate 18, 6900 Florø

Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til